



Valfag ved Tranevågen ungdomsskule

Her finn du ei oversikt over kva valfag Tranevågen ungdomsskule kan tilby og kva dei går ut på. Eit valfag må minst ha 20 elevar for at det skal starte opp.

- Du skal velje tre av desse valfaga og du får eitt av dei.
- Set dei opp i prioritert rekkefølge.
- Du kan velje same valfag om att kvart år, to av åra eller ha ulike valfag kvart år. Det er svært viktig at det er eit gjennomtenkt val. At du les gjennom borsjyra og gjer deg opp ei meining ut frå informasjonen du får fordi:
- Du kan i utgangspunktet ikkje byte valfag i løpet av skuleåret. Vel det du trur passar for deg.
- Legg merke til at det er berre 9. og 10.trinn som kan velje «Forskning i praksis» og «Internasjonalt samarbeid».

«Bakgrunnen for valfaga er at dei skal bidra til auka motivasjon og læring. Innføring av valfag er eit av fleire tiltak for å nå målet om ei meir praktisk, variert og relevant opplæring på ungdomstrinnet»- UDIR

LUKKE TIL!



Internasjonalt samarbeid (kun for 9. og 10.trinn)

Er du glad i språk og andre kulturar? Likar du å bli kjent med nye menneske? I valfaget Internasjonalt samarbeid får du moglegheit til å utvikle språkkompetansen din gjennom kontakt med ungdommar frå andre land. Ved å kommunisere på engelsk eller eit anna fremmedspråk får du brukt språket i praksis og moglegheit til å uttrykke meiningane dine om tema som opptar ungdom, bli høyrte og få svar. Du vil lære mykje om din eigen og andre sine kulturar og interessar og auke forståinga di for at vi lever i eit globalisert samfunn. Gjennom kontakt med ungdommar i andre land vil du få anledning til å reflektere over egne erfaringar og utvikle respekt og toleranse for andre menneske sine levesett..

Valfaget skal bidra til å øve opp ferdighetene ved at dei planlegg og produserer tekster, bilete, lyd og videofiler, og utvekslar informasjon. Det skal invitere til å ta i bruk ulike sosiale medier og digitale verktøy. **9. og 10.trinns elevane kan velje dette faget.**

Kommunikasjon

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- velge tema, hensiktsmessig kommunikasjonsteknologi og språk tilpasset formålet
- etablere kontakt med enkeltelever eller grupper
- planlegge, produsere og kommunisere innhold
- benytte grunnleggende regler for nettvett, personvern, opphavsrett og ytringsfrihet

Samfunn og kultur

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- utveksle informasjon om miljø, livssyn, underholdning, sport og kultur med elever i andre land
- utveksle synspunkter om forskjeller og likheter mellom egen og andres kultur og interesser



Forskning i praksis (kun for 9. og 10.trinn)

Passar for deg som er nysgjerrig og som liker å finne ut korleis ting verkar og kva som egentleg skjer. Du har gjerne ofte høyrte at du spør mykje om mangt. Du liker godt å sjå på TV-program som Newton og Schrødingers katt, og liker å gjere eksperiment.

Valfaget skal stimulere til undring, aktiv handling for å teste ut løysningar og utvikle evna til å stille nye spørsmål. Samstundes skal ein og finne forklaringar på det som ein har funne ut.

I dette faget er det eit samarbeid mellom The Dale Oen Experience og Tranevågen Ungdomsskule. Det inngår ein BLI-kjent-camp ei helg om hausten og ein helgetur over nyttår 2020.

Det er obligatorisk deltaking på begge desse campane, så ein må vere villig til å delta på dei dersom ein vel dette faget.

Idéutvikling

«Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- finne problemstillinger, formulere forskbare spørsmål og forslag til hypoteser
- planlegge undersøkelser basert på egne eller gruppas forskningsspørsmål og hypoteser
- delta i samtaler om egen og andres utforskning
- argumentere for egne hypoteser i lys av funn og andre relevante undersøkelser

Praktisk utforskning

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- gjennomføre planlagte undersøkelser og foreta relevante justeringer underveis
- bruke relevante metoder og utstyr for innsamling og analyse av data
- demonstrere og forklare metoder, virkemåten til utstyr og prosedyrer for datainnsamling i gjennomførte forskningsprosjekter
- systematisere data slik at mønstre kommer tydelig fram og vurdere usikkerheter
- formidle resultater fra egne prosjekter».



Fysisk aktivitet og helse

Passar for deg som likar aktivitetar ute og inne, å prøve nye aktivitetar, å utfordre deg sjølv, vere saman med andre, delta i gruppe-aktivitetar, lære deg samanhengen mellom kosthald og helse, motivere deg sjølv og andre og oppleve glede og meistring.

Opplæringa skal legge til rette for at elevane får kunnskap som kan bidra til at dei kan utvikle sunne og gode aktivitets- og kosthaldsvanar vidare i livet.

Fysiske aktivitetar

«Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- delta i gruppeaktivitetar eller individuelle aktivitetar som utfordrar både koordinative og fysiske ferdigheter
- gjøre sitt beste, samhandle med og oppmuntre medelever
- samtale om sammenhengen mellom fysisk aktivitet, meistring og bevegelsesglede

Kosthold og helse

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utveksle synspunkter om aktuelle råd og anbefalinger om kosthold og fysisk aktivitet
- planlegge og gjennomføre et eget aktivitets- og kostholdsopplegg
- lage enkle og ernæringsmessige gode måltider.»

Organisering:

8.trinnelevane kjem til å vere for seg sjølv

9. og 10.trinn kjem til å vere saman i grupper på tvers av trinna.

Elevane kjem til å rullere mellom ulike grupper kvar 4.veke.

Du har valfag annankvar veke, der du held på til kl. 15.30 den veka det er valfag.

Den andre veka når du ikkje har valfag, sluttar du kl. 12.30.



Sal og scene

Har du lyst til å synge, danse, spele skodespel og musikk? Har du lyst til å stå på scena? Har du lyst til å vera med på å skape ei framsyning for andre? Har du ein artist i deg? I valfaget sal og scene skal vi arbeide mot å sette opp ei framsyning. Dette involverer song og musikk, dans, teater og produksjon. Alle formar for kunst blir skapt og formidla, og det er det vi vil gjere på sal og scene. Vi utforskar våre kreative evner frå idé til ferdig produkt på scena!

Valfaget tar føre seg mange ulike oppgåver i dei ulike fasane i det å produsere ei framsyning. Dette inneber mellom anna planlegging, førebuing og gjennomføring, både bak og på scena. Du må vere innstilt på å samarbeide godt med både andre elevar og med dei vaksne på faget.

Skape

«Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- utvikle og formidle ideer til en eller flere produksjoner
- samarbeide om å utvikle et audiovisuelt eller scenisk uttrykk, inkludert relevante tekniske løsninger
- sette opp et enkelt budsjett og markedsføringsplan

Formidle

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- presentere en eller flere produksjoner for publikum
- samarbeide både på og bak scenen for at resultatet skal bli best mulig
- utveksle synspunkter om valg av virkemidler og utførelse.»

Organisering:

I starten av hausten vert du plassert inn i ei av undergruppene i valfaget (td. vokalgruppe, dansegruppe, dramagruppe). Det vil variere frå år til år kor mange og kva for undergrupper valfaget vil opprette.

I dette valfaget har du Du har valfag i hovudsak annankvar veke; Den veka du har valfag held du på til 15.30, i neste sluttar du kl. 12.30.



Programmering

Kan du tenkje deg å programmere i Micro:bit? Vil du lære deg å byggje og programmere Legorobotar? Vil du vite kva Arduino og Scratch er? Ynskjer du å forstå kva som skjer «under panseret» i den digitale verda? Då er programmering valfaget for deg!

Programmering er ein viktig ferdigheit i samfunnet, som går inn i dei fleste fagområde, frå digital musikk til naturvitskap og matematikk.

Opplæringa skal legge til rette for at elevane lærer å løyse problem på nye måtar. Elevane skal få høve til å utvikle sin kreativitet og skape produkt ved hjelp av programmering.

(<https://www.youtube.com/watch?v=Zic-E2A4OTc>)

Modellering

«Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- gjøre rede for hvordan datamaskiner og programmer fungerer, inkludert et utvalg utbredte programmeringsspråk og deres bruksområder
- omgjøre problemer til konkrete delproblemer, vurdere hvilke delproblemer som lar seg løse digitalt, og utforme løsninger for disse
- dokumentere og forklare programkode gjennom å skrive hensiktsmessige kommentarer og ved å presentere egen og andres kode

Koding

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- bruke flere programmeringsspråk der minst ett er tekstbasert
- bruke grunnleggende prinsipper i programmering, slik som løkker, tester, variabler, funksjoner og enkel brukerinteraksjon
- utvikle og feilsøke programmer som løser definerte problemer, inkludert realfaglige problemstillinger og kontrollering eller simulering av fysiske objekter
- overføre løsninger til nye problemer ved å generalisere og tilpasse eksisterende programkode og algoritmer.»

Greit å vere klar over: Dette er ikkje eit valfag som dei som likar å game. Sjå på måla i opplæringa kva faget kjem til å innehalde. Her ynskjer vi fleire jenter inn! 😊



Design og redesign

Er du kreativ og glad i å skape og gjenskape ting? I valfaget Design og redesign får du moglegheit til utvikle kreativiteten din, skapargleda og oppleva meistring! Du skal få vise at det vi omgir oss med har ein verdi ved å bruke og vidareutvikle forkasta produkt og materialar. Ut frå eigne idear og i samarbeid med andre får du planlegge, designe og framstille nye produkt.

Designprosess

«Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- bruke arbeidstegning, materialskisser eller digitale verktøy og designe en eller flere bruksgjenstander eller kunstprodukter
- foreta bevisste valg av materialer og teknikker ut fra estetiske, funksjonelle, natur- og miljømessige hensyn og mulighet for gjenbruk
- beskrive ulike løsningsalternativer

Produkt

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- bruke egnede teknikker, materialer og verktøy i produksjonen av en eller flere bruksgjenstander eller kunstprodukt
- utveksle synspunkter om verdien av design og redesign i et miljø- og samfunnsperspektiv.»



Innsats for andre

Passar for deg som kjenner at det gjer godt å hjelpe andre. Om du har sett reklamefilmen som viser ungdommar som går på kino med eldre, og kjente at du blei litt glad av å sjå den, -ja, då trur vi du har det i deg å kunne trivast med dette faget. Det er ikkje sikkert vi går på kino med nokon, men at vi skal gjere noko for nokon som treng det og som blir glad, DET veit vi!

Lokalsamfunnet treng også i framtida menneske som er villige til å bidra med eigne ressursar og kunnskap for å løyse oppgåver som gir verdiskaping. Valfaget skal gjere det mogleg for ungdom å vere aktive deltakarar i lokalsamfunnet.

Organisering:

I lengre periodar vil du vere utplassert i ulike institusjonar (barnehagar, SFO, aldersheimar og liknande). Det varierer frå år til år kva avtalar skulane får inngått med dei ulike aktørane, så kva for praksisplassa du får tilbod om, veit ein ikkje før skuleåret er i gong.

Du kjem nokre gongar til å vere lenger enn skuletida og andre gonger får du fri i valfagtimane.

I tillegg til praksisutplassering har du loggskrivning og skriftlege oppgåver.

Planlegging

«Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- kjenne til forutsetningar som ligger til grunn for frivillig arbeid
- kartlegge behov for frivillig arbeid i lokalmiljøet i samarbeid med relevante aktører
- planlegge praktiske tiltak som medfører sosial verdiskaping for valgt målgruppe

Praktisk arbeid

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- gjennomføre planlagte tiltak
- følge etiske retningslinjer og tilpasse kommunikasjon og samhandling til valgt målgruppe
- presentere og vurdere det frivillige arbeidet ut fra erfaringer og samhandling med målgruppen og relevante aktører.»



Natur, miljø og friluftsliv

Likar du å vere i bevegelse og å ha det kjekt saman med andre utandørs? Da er dette valfaget perfekt

Vi kjem til å vere mykje ute, gå på kjekke turar, kose oss rundt bålet med god mat, lære om kart og kompass, finne mat ute vi kan ete, lage flåte, lære førstehjelp, lære om korleis vi påverkar naturen og miljøet og arrangere ein kjempekjekk overnattingstur.

For å ha det kjekt utandørs, kjem vi nokre gongar til å vere lenger enn skuletida og andre gongar får du fri i valfagstimane

I dette faget er det eit samarbeid mellom The Dale Oen Experience og Tranevågen Ungdomsskule. Det inngår eiin BLI-kjent-camp ei helg om hausten og ein camp ei helg over nyttår.

Det er obligatorisk deltaking på begge desse campane , så ein må vere villig til å delta på dei dersom ein vel dette faget.

Friluftsliv

«Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- ferdes mest mulig sporløst, trygt og respektfullt i ulike typer natur og værforhold
- gjøre veloverveide valg av rute og leirplass
- dyrke, jakte eller høste fra naturen og benytte, tilberede eller oppbevare ressursene
- forklare hvordan allemannsretten og regler for høsting, jakt, fangst og fiske regulerer ferdsel og bruk av naturen i lokalmiljøet eller regionen

Miljø

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- kartlegge hvordan naturen brukes i lokalmiljøet og vurdere om det er en bærekraftig forvaltning av ressursene
- utforske og registrere lokale miljøendringer og reflektere over mulige forklaringer til endringene
- foreslå tiltak som kan bidra til å hindre uønskede miljøendringer.»

Organisering:

For at ein skal ha høve til å få gode rammer til å ta ut på kortare og lengre turar, vil du i store delar av året ha dette valfaget annankvar veka. Det betyr at den veka du har valfag held du på til kl. 15.30.

Den andre veka er det ikkje valfag, og då er du ferdig kl. 12.30.



Teknologi i praksis

I dette valfaget kan ein velje to grupper:

1. Den eine gruppa samarbeider med Dale Oen Experience:

Passar for deg som er interessert i teknologi og korleis ting fungerer, liker å planlegge og framstille gjenstandar av variert materiale og teknologiske løysingar, er interessert i teknologi i ulike delar av samfunnet, vil lage teknologiske løysingar og sjå på dette i praksis, syns det er artig å sjå på ulike hjelpemiddel og finne alternative forbetringar for brukaren, likar å sjå på produkt sitt design og funksjon for den som skal bruke det, kunne tenke deg og presentere ulike programvarer til datamaskiner.

I dette faget er det eit samarbeid mellom The Dale Oen Experience og Tranevågen Ungdomsskule. Det inngår ein BLI-kjent-camp ei helg om hausten og ein camp ei helg over nyttår.

Det er obligatorisk deltaking på begge desse campane , så ein må vere villig til å delta på dei dersom ein vel dette faget.

Undersøkingar

«Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- undersøkje teknologiske produkt og dei vala som er gjorde med omsyn til bruk, tekniske løysingar, funksjonalitet og design
- demonstrere riktig bruk av utvalde verktøy
- vurdere teknologiske produkt ut frå brukartilpassing, HMS-krav og miljøtilpassing
- **Idéutvikling og produksjon**

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne

- utvikle ein realistisk kravspesifikasjon for eit teknologisk produkt og beskrive kva behov produktet skal dekkje
- framstille produktet med eigna materiale, komponentar, og funksjonelle teknologiske løysingar
- bruke kunnskap om andre produkt i arbeidet med eige produkt
- teste eigne produkt og foreslå moglege forbetringar.»

Organsiering: I dette valfaget vil du i store delar av året ha valfag annankvar veke. Det betyr at den veka det er valfag held du på til kl. 15.30. I den andre veka er det ikkje valfag, og du sluttar kl. 12.30

2. Den andre gruppa omhandlar bilderedigering og litt filming.

Her får du lære digital redigering av bilete og lyd i ulike program. Vi lagar design til nettsider, plakatar og lærer å setje saman ulike medier på ein god, visuell måte.



Produksjon av varer og tenester

Samfunnet treng skapande menneske som ser moglegheiter for nye og framtidige arbeidsplassar. Valfaget produksjon av varer og tenester skal medverke til å utvikle ein kultur for entreprenørskap og eit samfunn der skapartrøng, kreativitet og innovasjon blir verdsette. Valfaget skal medverke til å auke forståinga for det lokale ressursgrunnlaget, og vise korleis dette kan utnyttast på ein miljømessig berekraftig måte.

Opplæringa skal medverke til å utvikle kreativitet og skaparglede ved å stimulere interessene til elevane og styrkje deira sjølvtilitt og motivasjon for å lære. Opplæringa skal medverke til at elevane ser moglegheiter og utfordringar i lokalmiljøet, og inspirere dei til å bruke kompetansen i og utanfor skolen. Elevane skal få praktisk trening i idéutvikling og med dei prosessane som er nødvendige for å ferdigstille og tilby ei vare eller ei teneste.

Idéutvikling

«Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- identifisere behova for varer og tenester på skolen eller i lokalsamfunnet
- vurdere korleis behova kan tilfredsstillast gjennom nye varer og tenester eller ved å vidareutvikle dei som allereie eksisterer
- utvikle ein forretningsidé og etablere ei verksemd

Produksjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- planleggje, produsere, marknadsføre og tilby ei vare eller teneste til ei definert målgruppe
 - setje opp eit enkelt budsjett og ein enkel rekneskap for arbeidet
 - utnytte ressursar i lokalsamfunnet på ein føremålstenleg måte.»
-